


UTGREIING ETTER OPENHEITSLOVA

For perioden 1. januar - 31. desember 2025.

Bøndenes Hus AS er eit konsern med hovudkvarter i Oslo sentrum og verksemdar innan overnatting, servering, tilverking og sal av bunader og husflidsprodukt. Selskapet eig og forvaltar dessutan bygarden Rosenkrantz' gate 8 der dei fleste dotterselskapa har sin aktivitet. I tillegg har verksemda ein butikk i leigd lokale i Oslo sentrum og ei produksjonsbedrift i Tallinn i Estland. Siste tilskot til konsernet er husflidsbedrifta Ivar Lier AS som Bøndenes Hus AS overtok i juni 2025. Selskapet driv butikk og systove i Fredrikstad sentrum under namnet Liers Husflid.

Bøndenes Hus AS er 100 % eigd av den frivillige organisasjonen Bondeungdomslaget i Oslo.


Eigarstrukturen kan illustrerast slik:



Dei tilsette i driftsselskapa i Norge er omfatta av tariffavtalar med Fellesforbundet (overnatting og servering), Handel og kontor (butikk) og Parat (produksjon). Dei tilsette i morselskapet er ikkje omfatta av tariffavtale, men har same rettar og vilkår som dei tilsette i resten av konsernet. Bedrifta i Tallinn følgjer nasjonale retningslinjer i Estland for fastsetjing av lønn. Dei tilsette i Ivar Lier AS er førebels ikkje omfatta av tariffavtale.

Overnattings- og serveringsverksemda, Hotell Bondeheimen AS, har vore Miljøfyrtårn-bedrift sidan 2021. I juni 2024 blei også Bøndenes Hus AS, Heimen LL Husflitsutsal og Den Norske Husfliden AS sertifiserte som Miljøfyrtårn.

Drifta av dei ulike selskapa og forretningsområda er organisert slik:




Bøndenes Hus implementerer "Lov om virksomheters åpenhet og arbeid med grunnleggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold" – Openheitslova – i verksemda.

Vi har gjort aktsemdsvurderingar for å kartlegge, førebygge, gjere greie for og følgje opp faktiske og potensielle negative konsekvensar av verksemda vår.

Vi har etablert retningslinjer og rutinar for å handtere faktiske og potensielle negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Desse retningslinjene blei vedtatt av styret i styremøte i 1. juni 2023.

Dagleg leiar har det overordna ansvaret for at retningslinjer og rutinar blir følgde og at det blir gjennomført aktsemdsvurderingar.

Aktsemdsvurderingane våre er basert på OECD sin modell for aktsemdsvurderingar for ansvarleg næringsliv:



Som figuren viser, er aktsemdsvurderingar ein kontinuerleg prosess. Det betyr også at ei verksemd ikkje kan gjere "alt" på ein gong, men må prioritere dei områda der det er høgast risiko for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

Vi har kartlagt leverandørane våre og har gjort aktsemdsvurderingar av dei viktigaste basert på risiko, kjøpsvolum (forholdsmessighet) og vår påverknadsmakt overfor den aktuelle leverandøren.

Informasjon om leverandørane hentar vi inn gjennom nettsider, direkte kontakt eller bedriftsbesøk. Innanfor til dømes næringsmiddel, energi og teknisk vedlikehald har vi ei rekke større leverandørar og innkjøpssamarbeid som har gjort sine egne aktsemdsvurderingar av verdikjeda. Fleire av dei er dessutan omfatta av § 3-3c i rekneskapslova om samfunnsansvar. I desse tilfella er det lite hensiktsmessig for oss å gjere aktsemdsvurderingar utover dette.

Risiko kan vere knytt til f eks bransje, geografisk område eller produksjonsprosessar.

Husflidsselskapa våre kjøper tekstilprodukt frå Søraust-Asia, der det kan vere høg risiko for brot mot grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Denne risikoen handterer vi ved å handle direkte med småskalabedrifter som vi har hatt eit langvarig samarbeid med, der vi har regelmessig kontakt og dessutan har besøkt produksjonsstadene. Hausten 2023 besøkte vi samarbeidspartnarar i Vietnam for første gong etter pandemien. På dette besøket blei det ikkje avdekt brot mot grunnleggande menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold. Gjennom aktsemdsvurderingane har vi heller ikkje avdekt negativ påverknad eller skade frå andre delar av verksemda vår eller leverandørkjeda.

Denne utgreiinga er publisert på desse heimesidene:

www.bondeheimen.com

www.kaffistova.no

www.heimenhusfliden.no

Har du spørsmål om openheitslova og aktsemdsvurderingane våre kan du kontakte oss på ei av desse e-postadressene:

trond.andersen@heimen.net - Bødenes Hus AS

ole.sandersen@bondeheimen.com – Hotell Bondeheimen AS

hilde.oya@heimenhusfliden.no - Heimen LL Husflitsutsal, Den Norske Husfliden AS, Solhjell AS og Ivar Lier AS

så vil vi svare deg innan 3 veker.


Oslo, 18. juni 2026




Trond Andersen, dagleg leiar




Rune Stenersen, styreleiar



Terje Svindseth, nestleiar



Linn-Helén Svendsen-Lien, styremedlem



Hilde Barstad, styremedlem



Ane Marte Wold, styremedlem



Camilla Stykket, styremedlem